



A&R Rune Urne
Mårdalen 37
5236 RÅDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1928 - 15/34970

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
13.11.2015

Igangsettingsløyve på vilkår - gbnr 108/102

Administrativt vedtak. Saknr: 509/15

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Det vert vist til dykkar søknad motteken 23.10.2015 og komplettert den 12.11.2015. Arbeid godkjent i rammeløyve av 09.05.2012 vert nå tillete sett i gong når det gjeld:

- Grave- og sprengningsarbeider
- Terreng- og vegarbeider

Andre tiltak som kan vere vist på eller skildra i innsendte søknadsmateriell, har kommune ikkje teken stilling til og er ikkje omfatta av dette løyve.

Løyvet omfattar også godkjenning av ny(e) søknad(er) om ansvarsrett som vist under avsnittet "Ansvar og kontroll".

Arbeid må ikkje utførast utover det som er omfatta av igangsettingsløyvet.

Ansvar og kontroll

Føretaka under er tidlegare godkjent for ansvarsrett. Ved søknad om igangsettingsløyve er det gjort følgjande endringar:

Rolle	Tk	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L	
SØK	3		A&R Rune Urne	966916710	S	
PRO	3	Arkitekturprosjektering	A&R Rune Urne	966916710	S	
PRO	3	Prosjektering brannteknikk	A&R Rune Urne	966916710	S	
PRO	3	Grave- og sprengningsplan	Bergen Byggteknikk AS	976576683	S3	NY
PRO	1	Utvendig sanitæranlegg	AS Haugland VVS		S2	NY



PRO	1	Utstikking	Medaas Oppmåling og Minimaskin	986448551	L1	NY
UTF	2	Grave- og sprengningsarbeider	Alversund Maskinstasjon AS	937664044	S1	NY
KON	3	Arkitektur	Hellandshus	995259893	S	
KON	3	Brannteknikk	Hellandshus	995259893	S	

*S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Vilkår i rammeløyve:

1. «Reviderte teikningar som viser lengde- og snittprofilar av alle murar til godkjenning
2. Det må sendast inn utomhusplan til godkjenning som viser korleis terreng som ikkje vert bygd på eller nytta til veg- og parkeringsareal vert opparbeidd og tilplanta.
3. Det må dokumenterast at Teknisk drift sine krav vert stetta.»

Det er ikkje sendt inn reviderte teikningar i samsvar med vilkår sett i rammeløyve. Vi har motteke oppriss for skildra tørrmurer. Då murarbeider ikkje inngår i søknaden om igangsettingsløyve vurderer kommunen at opprisset er tilstrekkeleg inntil søknad om igangsettingsløyve for murarbeider vert sendt inn. Vi vil då måtte ha komplette teikningar for omsøkte utvendige konstruksjonar.

Utomhusplanen er under arbeid og ansvarleg søkjar har uttalt at denne vil bli ettersendt med skildring av vegetasjon samt overflater/detaljer av veg/parkering og inngang- og rekreasjonsarealer. Vi føreset at utomhusplanen vert sendt inn til godkjenning før det vert søkt om igangsettingsløyve for ytterlegare arbeider.

Det er ikkje dokumentert at Teknisk drift sine krav vert stetta. Byggesaksavdelinga har fått ei uttale frå teknisk drift v/ Atle Dingen:

«Når det gjeld Westland hotell med planlagt utviding, var eg med på eit møte med Plan og Hotellets eigar i mars i år. Der diskuterte vi dagens situasjon og framtidig behov ved eventuell utviding av hotellet. Vi diskuterte flytting ny brannkum og det vart også snakka om ein tomt øst for hotellet som kanskje skulle brukast. Der ligg det i dag eit knutepunkt for vatn inne i tomta. Eg ser ikkje nokon problem med tiltaket frå vår side, men vi burde hatt eit møte med utbygger samt utførande entreprenør slik at vi blir orientert om kva dei ser før seg blir berørt i området. Då kan vi ligga ein plan for vassforsyninga i området.»

Då røyrleggjararbeid ikkje inngår i søknaden om igangsettingsløyve vurderer kommunen at denne uttalen er tilstrekkeleg inntil søknad om ytterlegare arbeider vert sendt inn. Vi føreset at det vert innhenta skriftleg uttale frå Teknisk drift før det vert søkt om igangsettingsløyve for ytterlegare arbeider.

Avvik

Motteken gjennomføringsplan er mangelfull.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Referanse til gebyrregulativet:	Tal:	Sum:
---------------------------------	------	------

